HERØY KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Komite for Helse og omsorg |
| **Stad:** | Herøy nye helsesenter, |
| **Dato:** | 06.02.2014 |
| **Tid:** | 14:00 – 16:40 |

**Medlemer som møtte:**

| | | |
|---|---|---|
| Hege Nedreberg Vestavik | Medlem | H |
| Karly Ingunn Teige | Medlem | FRP |
| Knut Tandberg | Medlem | H |
| Ole Brubakk | Medlem | KRF |
| Kaja Runde | Medlem | FOLK/SP |
| Janita Iren Westbø Remøy | Nestleder | AP |

**Forfall:**

| | | |
|---|---|---|
| Fred Hansen | LEDER | H |

**Varamedlemer som møtte:**

| | | |
|---|---|---|
| Signe Sævik Monsen | Fred Hansen | H |

**Andre:**

| | |
|---|---|
| Leiar pleie- og omsorgsavd. | Ragnhild Velsvik Berge |
| Leiar avd. barn, familie og helse | Inger Marie Tofthagen |
| Leiar bu- og habiliteringsavd. | Renate Rossi Kaldhol |

Nestleiar Janita Westbø Remøy leia møtet.

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vert valde:
Karly Ingunn Teige og Hege Nedreberg Vestavik

RS-1/14: Møtekalender 2014:
20.03., 10.04., 15.05., 12.06, 21.08., 18.09., 23.10. og 20.11.

RS-2/14: Manglande kartlegging og oppfølgingsplan for eldre som bur heime i Herøy kommune.

Brev frå Villum Schjelderup datert 02.12.13 vedk. dette vart lest opp. Pleie- og omsorgsleiaren orienterte om at Herøy kommune ikkje har etablert ordning med generelt kartleggingsbesøk for eldre, men at ein har tiltak på dette berre for pasientar i pleie- og omsorgstenestene. Når det gjeld

heimetenestene er distrikt 3 godt i gang, distrikt 1 har nettopp starta og distrikt 2 (Bølandet) skal ta til no i februar. Avdelingsleiar frå distrikt 3, Berit Aasen, orienterte om prosedyrar og praksis for oppfølging av ernæringstilstand for pasientar i heimetenestene.

Ålesund kommune går no i gang med eit forskningsbasert kartleggingstilbod for alle 75-åringar. Det vil vere nyttig å hauste erfaring frå dette i det komande arbeidet med helse- og omsorgsplanen. Komiteleiaren bad pleie- og omsorgsleiaren om å formulere eit svarbrev til VS.

Orientering frå pleie- og omsorgsleiaren:

- Gjeldande praksis for pasientflyt i omsorgssentra:
  Mykje flytting kan verke frustrerande for pasientar og pårørande. Samhandlingsreforma har medført raskare pasientflyt, og dette kan føre til behov for flytting på kort varsel. Spesialisering av avdelingar fører også til meir flytting av pasientar mellom avdelingane.

- Pålegg frå Arbeidstilsynet.

---

underskrifter

| | | |
|---|---|---|
| Karly Ingunn Teige | Janita Westbø Remøy<br>fung.leiar | Hege Nedreberg Vestavik |

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 1/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 2/14 | Protokoll frå førre møte |
| PS 3/14 | Referatsaker |
| PS 4/14 | Tertialrapport per 01.01.2014. |
| PS 5/14 | Evaluering av standard på køyregodtgjersle i støttekontakttenesta |
| PS 6/14 | Tidvis overbelegg i sjukeheim |
| | **Referatsaker** |
| RS 1/14 | Møtekalendar 2014 |
| RS 2/14 | Manglande kartlegging og oppfølgingsplan for eldre som bur heime i Herøy kommune. |
| RS 3/14 | Detaljreguleringsplan for planfri kryssing av Fylkesveg 654 i «Koppen» - Offentleg ettersyn |
| RS 4/14 | Orientering om Ung-Data-undersøking i Herøy |
| RS 5/14 | Varsel om oppstart av planarbeid |

**Til orientering/drøfting:**

RS 1/14 – Møtekalendar.
RS 2/14 - Manglande kartlegging og oppfølgjingsplan for eldre som bur heime i Herøy.
Helse- og omsorgsleiaren vil orientere om gjeldande retningsliner for Heimesjukepleien.

Helse- og omsorgsleiaren vil også orientere om pålegg frå Arbeidstilsynet.

Etter møtet vert det omvising på nybygget for den som ynskjer det.

## PS 1/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

**Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## PS 2/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

**Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til protokollen frå førre møte.

## PS 3/14 REFERATSAKER

**Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## PS 4/14 TERTIALRAPPORT PER 01.01.2014.

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 06.02.2014**

Saka vert tatt til vitande.

## PS 5/14 EVALUERING AV STANDARD PÅ KØYREGODTGJERSLE I STØTTEKONTAKTTENESTA

**Møtebehandling:**

Det vart drøfta at det kan vere aktuelt å vurdere avlønning av støttekontakter, og komiteen ber administrasjonen sjekke lønsforholda til støttekontakter i andre kommunar.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 06.02.2014**

- Evaluering av sak om køyregodtgjersle i støttekontakttenesta vert teken til vitande.
- Standard på dekking av køyreutgifter satt i k-sak 87/12 vert vidareført.

## PS 6/14 TIDVIS OVERBELEGG I SJUKEHEIM

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vert samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 06.02.2014**

1. Kommunestyret tek til vitande at det tidvis er behov for å ta inn overbelegg på omsorgssentra
2. Pleie- og omsorgsavdelinga vurderer fortløpande korleis dette kan løysast på ein best mulig måte, der ein tek omsyn til beredskap, folkehelse og driftsmessige konsekvensar

**REFERATSAKER**

**RS 1/14 Møtekalendar 2014 Møtekalendar 2014 26.11.2013 00:00:00 Hilde Bringsvor Skinnes**

**RS 2/14 Manglande kartlegging og oppfølgingsplan for eldre som bur heime i Herøy kommune. Manglande kartlegging og oppfølgingsplan for eldre som bur heime i Herøy kommune. 02.12.2013 00:00:00 Villum Schjelderup**

**RS 3/14 Detaljreguleringsplan for planfri kryssing av Fylkesveg 654 i «Koppen» - Offentleg ettersyn Detaljreguleringsplan for planfri kryssing av Fylkesveg 654 i «Koppen» - Offentleg ettersyn 25.11.2013 00:00:00 Adresseliste**

**RS 4/14 Orientering om Ung-Data-undersøking i Herøy Orientering om Ung-Data-undersøking i Herøy 22.11.2013 00:00:00 Andreas Kvalsund m.fl.**

**RS 5/14 Varsel om oppstart av planarbeid Varsel om oppstart av planarbeid 29.11.2013 00:00:00 adresseliste**